

SIGNE FLATIN NESET

hardingfele



SIGNE OG EG

Oldefar min, Kjetil Flatin, kjøpte plassen Ramberg alt som 20-åring. Han tykte det var så flott «spelemannsnatur» på staden, med eit variert og dramatisk landskap, og med god akustikk mellom berga. Det var her Signe vaks opp for hundre år sidan, og eg (f. 1978) noko seinare.

Det å vekse opp i ein familie med spelemannstradisjonar, og i ein heim full av musikk – alt frå slåttemusikk til klassisk og samtidsmusikk klang i veggane – gjorde det naturleg for meg å velje musikken. Valet mellom fiolin og hardingfele var vanskeleg, men for meg låg klassisk musikk nærast. Likevel hadde eg gjennom studietida ein innramma konsertplakat av Signe og Kjetil på veggjen.

Heilt sidan barndommen har Signe vore eit forbilde for meg, og ho er ein person eg gjerne skulle ha møtt. Trass i at ho døydde lenge før eg vart fødd, og at eg nesten ikkje veit noko om ho, har ho inspirert meg til å satse på musikk. Eg ville bli like flink på fiolin som ho var på hardingfele.

Ved Landskappleiken i Seljord i 2011 fortalde Johan Vaa om kvaliteten på opptaka han hadde høyrte i samband med utveljing av slåttar til ein annan CD, og med det vart kimen sådd til denne utgjevinga. Eg tok kontakt med Frode Rolandsgard i ta:lik, som umiddelbart tente på ideen, og så fór Johan og eg inn til Oslo for å velje ut slåttar.

Signe var ein av dei aller beste utøvarane på hardingfele i si tid, men ettermålet hennar har ikkje stått i forhold; lite informasjon og få opptak har vore tilgjengelege for folk flest. Eg håpar at denne utgjevinga skal spreie kunnskap om Signe og om spelet hennar. Opptaka er viktig dokumentasjon for ettertida.

Som musikar sette ho ein standard som eg alltid har prøvd å leve opp til. Med dette prosjektet har eg fått større kunnskap om Signe som utøvar, og slik føler eg òg at eg har blitt betre kjend med Signe – at me har kunna møtast gjennom musikken.

/Rønnaug Flatin

SIGNE FLATIN NESET (1912–1975)

I 1912 – då Signe blei fødd – var Seljord ei bygd der det lavde av gode spelemennar. Torkjell Haugerud (1876–1954) hadde nyleg flutt til bygda. Alle Smedalane hadde enno ikkje reist til Amerika. Så var det Høye Kvåle (1879–1967), Harald Manheim (1879–1936) og ikkje minst far av Signe, Kjetil Flatin (1879–1960). Og fleire til. At det var inspirasjon å hente for ei musikalsk ungjente rår det liten tvil om, og mykje tyder på at ho blei tidleg utvikla som felespelar. Alt i 1928 – 15 år gamal – spela ho konsertar i lag med far sin. Bladmeldingar frå denne tida er i all hovudsak positive – «vidunderborn» er godt stoff for journalistar.

Korleis kunnige personar vurderte ho som utøvar har me ei god kjelde til: Kaplleikane i regi av Telemark Ungdomslag. Signe var med fyrste gongen i 1928 og siste gongen i 1960. I desse åra var ho med til saman 13 gonger, flest før krigen. Plasseringane har variert noko, men stort sett midt på treet, eller litt betre. Lat kaplleiken i 1935 i Gransherad vera nemnd: 22 år gamal, som einaste kvende blant deltakarane, kom ho der bak Johannes Dahle (1890–1980), Einar Lund



FOTO: UKJENT, UTLEANT AV RØNNAUG FLATIN

Signe ein gong på 1930-talet.

(1882–1954) og Olav Løndal (1904–1986), men føre t.d. Gjermund Haugen (1914–1976), Einar Løndal (1914–2006), Hølje Wårstulen (1914–1988) og Anund Roheim (1913–1999)!

Attåt premielistene er det òg i ein periode gjeve skriftlege kommentarar til utøvarane. Diverre finst ikkje slike frå 1935, men lat oss sjå kva kommentaren var til debuten:

Signe Flatin spela godt til å vera berre 15 år. Sjølv sagt hev ho mykje att å lære. Ho må særleg arbeide med å få meir friskleik i spele sitt. Bogen er for tung enno. Men trass i det ufullkomne kan ein hava gode vonir om at ho vert god til å spela.

Dei som meinte dette var H. H. Einung, Thomas Tveit, Olav Tveito, Rikard Gøytil og Gunnulf Borgen. Vidare framover er kommentarane ei blanding av ros og ris, men oppsummert noko atterhaldne. Så godt som kvart år er domarane kritiske til bogabruken. Siste gongen, i Vinje i 1960 – det året ho vann Landskappleiken – sa Lars Jysereid, Rikard Gøytil og Halvor Smeland:

Signe Flatin Neset var ikkje heldig denne gongen. Spelet hennar vert noko skøyrt, og ho fekk ikkje til det gode jamne draget i slåtten som ho ofte har. Elles har ho framleis for stiv bogehand til å få det lette, leikande draget som må til for den som skal meistre Fykerudslåtane.

Det er ikkje fritt for at ein undrar seg noko over desse utsegnene når ein set dei opp mot opptaka som er med på produksjonen her, ja inn-

spela materiale i det heile. Kan ho ha lika seg lite framfor domarar? Kappleikopptaka tyder ikkje på det. Skal ein vera vondtenkt og lesa mannleg sjåvinisme inn i orda? Så kan desse domarane ha gjenget i ei felle: I staden for å taka inn korleis det læt, kan dei ha sett for mykje på bogehanda. Det finst spelemennar i dag som har ei heller stiv høgrehand å sjå til, likevel læt det framifrå.

Eg kom til å lata ein spelkunnig harding høyre på ein prøve-CD av denne produksjonen. «Ikkje noko frøkenspel», sa han. Ein slik karakteristikk er langt frå politisk korrekt, men me skjønner kva han meiner. Kraft, styrke, fast rytme, ein stor tone er inntrykket. «Høyr her! Slik er det!» seier ho. Spelet fortel om ein sterk vilje, som det òg blir fortalt at ho hadde. Skulle ein plukke fram ein av klisjeane som er nytta for å karakterisere hardingfelespel, måtte det bli *fløymande*. Ein liten negativ kommentar vågar eg koma med – i og for seg i samsvar med den siterte skriftlege kritikken: Her og der har ho det litt travelt i ristetaka. Elles er det nett bogehanda som gjev dei kvalitetane både hardingen og eg har peika på.

Litt meir om spelkarrieren og livet elles: Attende i 1934 eller 1935 spela ho i radio, beint på lufta som det då var. Konsertturneane med faren gjekk vidt, heilt til Oppdal var dei, og gjorde stor lukke, jamvel om dette var i «flatfeleland». I 1936 – kan hende òg fleire år – reiste ho på konsertturne saman med ei onnor speljente frå Seljord: Torbjørg Aas (1916–2008), seinare gift Gravaalid. Dei har heilt sikkert lært mykje av kvarandre: Då utvalet på denne produksjonen var gjort, visa det seg at seks slåttar var sams med utvalet gjort på CD'en med Torbjørg (utgjeven på plateselskapet Grappa i 1998). Ein gjennomgang av alt innspela materiale fortel om endå større sams slåttilfang.

Stein Versto har skildra korleis denne konsertferda var, ut frå samtalar med Torbjørg:

Dei to unge kvinnene i Vest-Telemarksbunad har nok gjort eit visst inntrykk der dei kom, ikkje berre var dei vakre, men jamen kunne dei spela òg, og det betre enn mange av sine mannlege kollegaer! (...) Eit høgdepunkt var opphaldet i Ål, hjå det gjestmilde vertskapet på Ål hotell, og der oppglødde hallingar bar dei to felespelarane på gullstol rundt i lokalet etter konserten.

Som nemnt, truleg var det fleire ferder, men i alle høve var dei rundt i Telemark, i Numedal og Hallingdal, i Bergen og Hordaland elles.

I 1946 spela Signe inn fire slåttar på 78-plate, det var *Nordfjorden, Farnesbrunnen, Høybøfshjellen* og *Skuldalsbruri*. Om det finst att kopiar skal vera usagt, 78-plater har ei avgrensa levetid i seg sjølv. NRK har lydbandkopiar av desse opptaka, og me har valt å taka med springaren *Høybøfshjellen*.

I 1947 kom Leif Neset (f. 1925) frå Modalen til Seljord for å lære spel. Fyrst var han hjå Kjetil Flatin, seinare hjå Eivind Mo og deretter hjå Torkjell Haugerud. Naturleg nok blei han kjend med Signe, og i 1952 gifte dei seg. Dei flutte då til Sauda der Leif arbeidde på smelteverket med pakking av metall i pulverform – eit tungt arbeid, lite lageleg for ein spelemann som treng mjuke musklar i armar og fingrar. I 1955 gjekk ferda attende til Telemark, Leif fekk då arbeid på laboratoriet på Hydro sin fabrikk på Herøya. Husrom fekk dei på Klyve – tront, men hjå ein triveleg husvert: Han var glad i felespel, kommunist og heimebrennar! Leif

fortel elles at Signe var «ferdig utlærd» som felespelar då han blei kjend med ho. I all hovudsak var det faren ho hadde slåttar etter, kan hende litt òg etter Høye Kvåle. Slåtteilfanget gjekk i all hovudsak på vanleg stille. Slik var det òg med Kjetil.

Felespelarar av Signe sitt format vil som oftast prøve seg som slåtte-makar: Leif fortel at Signe laga ein gangar ho kalla *Haustkveld*. Diverre finst han ikkje i NRK sitt arkiv.

Det er ei kjend sak at Signe slutta å spela mange år før ho gjekk bort. Leif fortel at det var fleire ting som hende samstundes: Dei fekk seg endeleg eit romsamare husvære, i ein blokk. Der var noko lydt, og gran-nane lika ikkje hardingfelespel. Så blei Signe sjuk, fekk fleire barnesjuk-domar ho hadde sloppe som lita, og attåt det hjarteproblem. Under eit sjukehusopphald blei ho utsett for intensitetsreligiøs påverknad, *press* er kan hende karakteristikken. Det førde til at ho fall for eit syn som har vore meir eller mindre sterkt så lenge hardingfela har funnest: Hardingfelespel er ein veg til fortaping. Både ho og Leif la spelet til sides, og selde – men brende ikkje – felene. I åra etter kunne det råke at Signe tok gjennom ein slått om ho fekk ei fele i hendene, men SPEL var det slutt med. Noko etter at Signe gjekk bort i 1975 fekk Leif seg fele(r) att, han er framleis aktiv i Spelemannslaget Vårlengt.

Nokre historiske glimt om denne motsetnaden, som i dag verkar hel-ler framand: *Vis-Karivekkinga* i andre helvt av 1800-talet førde til at mange feler blei brende både i Numedal og Hallingdal. Skikken her på Rauland i samband med gjestebod var at spelemannen spela brureparet fram til kyrkjegardsporten, men fela kom aldri innanfor den. Då Gjermund Haugen spela hardingfele i Heddal stavkyrkje i 1958 blei det opplevd som ei storhending, jamvel om Johannes Dahle hadde gjort det same to gonger før i Atrå kyrkje, i 1925 og 1954. Eg trudde lenge at felebrenning ikkje hadde funnest her i Telemark (Rikard Berge nemner det ikkje), men så seint som på 1950-talet blei det faktisk brent ei hardingfele i Vrådal.

Myreguten (Ola Jensen Myro, 1817–1901) frå Hallingdal opponerte mot fordøminga og skreiv på feleskrinet sitt:

*Se her er min felehytte
og mange tror den er til liden nytte,
men lad dem sige hvad dem vil
jeg vandrer ærlig med mit spil.*

Dette svartsynet har ikkje slokna heilt. Her om året kom ein predikant heim til Knut Buen og sa strengt til han: «Du spiller på Djevelens instrument!» «Å nei», svara tuddølen, «eg brukar nå mi eiga fele!»

Kva Vår Herre sjølv kan meine om dette skal vera usagt. Lat likevel vera nemnt at i genren *gospel* gjeng gudstru, musikk og rytmisk utfal-ding opp i ei eining.

Om Signe då – og me – ikkje fekk så mange gode spelår som det kunne ha blitt, er der ei rad med framifrå opptak i NRK sitt arkiv, og hjå Norsk Folkemusikksamling. Spelet har heilt klart falle i smak hjå Rolf Myklebust. På 1950-talet gjorde Signe opptak tett på årsvist, til saman ni gonger. Fleire gonger var Leif med, det finst ei rad gode opptak med han òg. Eit knippe slåttar har dei spela inn i lag. Myklebust skreiv: «Signe Flatin Neset var mellom våre beste spelemenn på hardingfele. Spelet hennar var myndig og rikt i ledig framføring».

Andre utgjevingar med slåttar spela av Signe Flatin Neset:

GRCD 4066, *Folkemusikk frå Telemark*. Grappa Musikkforlag as/NRK 1995: *Floketjønn*.

EM 89, *Kring Skorve*. Etnisk Musikkklubb 2011: *Gaute Navarsgard. TA 61CD, Slåttar frå Setesdal og Telemark*. Ta:lik 2009: *Nordfjorden, Halling etter Jon Kjos, Gudbrandsdølen, Moguten*.

KVEND E OG FELESPEL

Spelemann, seier me. Det fortel at fyrst og fremst har det vore karar som har fingra og stroke. Den 11. desember 2012 er det hundre år sidan Signe Flatin Neset blei fødd. Ho er den fyrste felespelar av hokjønnsom har vunne Landskappleiken på hardingfele, i 1960. Rett nok måtte ho dele med ein kar, Odd Bakkerud (1931–1989) frå Nes i Hallingdal. Det gjekk ein mannsalder til før eit kvende vann på vanleg fele, det stod Mari Eggen (f. 1967) for i 1992. Den neste i rada etter Signe er Åse Teigland (f. 1975), i 2005. På vanleg fele vann Astrid Sulheim (f. 1977) i 2003, 2004 og 2011.

Det er fort gjort å nemne dei kvende i Telemark som har vore så gode til å spela at dei blir hugsa: Den fyrste er Aslaug Leikanrud (f. ca 1800) frå Tinn. Den andre er Andrea Veum, g. Quisling (f. 1869) frå Fyresdal, ho fór til Amerika. Litt yngre var Kristiane Lund (1889–1976) frå Bø. Nemninga *felespelar* er hennar verk, i telefonkatalogen var ho nemnd som det. Straks etter førre hundreårsskiftet kom det til verda ein heil kvartett i Seljord: Tone Li (1903–1981), Anne Haugerud (1907–2002), Signe Flatin (1912–1975) og Torbjørg Aas (1916–2008). På lag jam-gamal med desse var Bergit Tjønn (1914–1984) frå Tuddal.

Etter desse er det ikkje kjent felejenter i Telemark før nokre tinndølv' og vinbyggjur fødde på 1950-talet, men så har jentene kome i aukande mon etter kvart. På musikkulane i dag er det dei som dominerer. Seljord juniorspelemannslag talde i 2011 tvo gitar og fem jenter.

Kvifor var det slik, og kvifor fekk me eit skifte? Evnestrukturen er knapt fullt ut lik hjå karar og kvende, mange tusenår med ulike roller har nok laga eit utval. Kvende har større evne til omsut, me karar er meir aggressive. Men at musikalitet er ujamnt fordela? Og at det skulle ha snudd seg?

Forklaringa er den gode gamle, samfunnet var sterkt patriarkalsk. Å vera god spelemann var ein posisjon å trå etter, den ville karane ha for seg sjølve. I den mon at felespel blei assosiert med noko syndig, skulle det endå meir til at ei småjente fekk lov å taka i fela – jenter skal som kjent helst vera lyduge og skikkelege, gitar har meir lov til vera vilje-sterke og slå seg lause(!). At dei me nemnde over likevel vann seg ein posisjon, fortel både om ein sterk vilje og eit stort talent. Me skal òg hugse at desse veteranane ikkje berre møtte godhug i kappleikmiljøet. Frå kollegaer og konkurrentar av hankjønns kunne det koma ord og framferd som tener aktuelle personar til lite ære.

Mange rørsler var sterke på 1970-talet, ikkje minst kravet om jamstel-ling kjønna i mellom. At jenter då tok fela utan å blunke er såleis lite å undre seg over. Midt på 1980-talet stod Annbjørg Lien (f. 1971) frå Ålesund fram på fjernsynet og i andre samanhengar, pur ung og kna-kande god til å spela. Attåt det ljøs og fager. Det gjorde nok sitt til jente-tilstrøyminga til musikkulane. Same effekten hadde sju staselege ung-

jenter frå Hornindal – *Honndalstausene* – då dei stod fram på slutten av tiåret. På dei kantar var det elles vanleg med kvende som spela fyrst på 1800-talet – i plent same sosiale kontekst som karane.

Eit bilete av jamstillinga i dag fær me ved å sjå på påmeldinga til Landskappleiken i 2012: I klasse C hardingfele var helvta av dei påmelde jenter. I klasse B var det ein god tredjedel, og i A-klasse ein sjettedel. Kvifor er fråfallet i klasse B og fram til A større hjå unge jenter? No er ikkje tala så ekstreme om me ser på andre år, eller glytter over til påmelding i vanleg fele i 2012. I A-klasse der og då var det flest jenter, og det etter måten unge. Like fullt er det ein tendens her. Er det manglande jamstilling i unge hardingfeleheimar eller testosteron-nivået i seg sjølv som gjev utslag? Lesaren fær spekulere sjølv!

/Johan Vaa

Kjelder

Berge, Rikard: *Myllarguten og Haavard Gibøen*. Utgåve ved Olav Fjalestad.

Noregs Boklag 1972

Braaten, Halvor. *Lars Fykerud. Hans liv og kunstnargjvnd*. Notodden 1939 – nyutgåve Skien 1979

Dukane, Knut m.fl.: *Telemark Ungdomslag 1895–1970*. Skien 1970

Haugan, Anne Svånaug: *Takt og tonar. Soga om folkemusikken og folkedan-sen i Numedal*. Sigdal 2011

Kaasa, Halvard (red): *Spel og dans. Folkemusikk og dans i Telemark*. Bø 1988

Storesund, Asbjørn: *Høyrrer du Tårån? Meisterspelemannen Torkjell Haugerud*.

Buen Kulturverkstad 1995

Telemark Ungdomslag: Handskriven domarprotokoll. Kopi hjå

Folkemusikkarkivet i Telemark

Vaa, Johan: Teksthefte til CD *Kring Skorve*, EM 89, 2011

Versto, Stein: Teksthefte til CD *Torbjørg Aas Gravalid*, Grappa 1998. HCD 7148

Wikipedia

Informantar

Blengsdalen, Anne Svånaug

Buen, Knut

Lønnestad, Kari ved Folkemusikkarkivet i Telemark

Frogner, Sigurd

Flatin, Knut

Neset, Leif

Rue, Torunn Raftevoll

Sem, Olav

Straand, Torgeir

Viken, Tore

Øygarden, Lars Erik

Aabø, Arne T.

(Kjelder gjeld *Signe Flatin Neset, Kvende og felespel og slåtteomtale*.)

SLÅTTEOMTALE

Når ein sit med eit hundretal slåttar og skal velje ut eit godt tjug, kunne ein kanskje laga seg nokre prinsipielle retningslinjer føreåt: Høveleg blanding gangar/springar, ikkje svisker, men lite kjende slåttar, eller omvendt, store, gode og populære slåttar, ulike fellestyle, osv. For å taka det siste fyrst: I heile materialet er det ein einaste slått (i tvo innspelningar) som ikkje gjeng på vanleg stille, og den er med.

Kriterium vidare i utveljinga var at slåttar frå tidlegare (og tilgjengelege) utgjeingar ikkje skulle vera med. Elles var det beint fram at me (eller ein av oss) fall for slåtten og/eller framføringa. Ikkje alle innspelningane hadde ein fullgod teknisk kvalitet i utgangspunktet. Dette valde me å oversjå i høve til det musikalske innhaldet. Lat det i den samanheng vera nemnt at Gunn Gausemel og Terje Hellem har gjort eit framifrå arbeid med å klargjera og til dels restaurere opptaka.

Resultatet blei som ein ser under. Mykje svisker og lite ukjent stoff, vil sume seia. Til det er å seia at svisker har ikkje blitt svisker utan grunn – omtykt musikk er god musikk.

01. Springar etter Kjetil Flatin (1958)

Helst er dette ein myllarslått i opphavet. Me kan høyre nokre tak som me òg finn i andre slåttar, t.d. Urgjen og Høgsetbenken. Det er ikkje til hinder for at slåtten framstend som heilstøyt og god, og fortenar å bli teken meir i bruk. Det er knapt fleire enn Alf Tveit som brukar han noko større i dag.

02. Håkanes Førild, springar (1958)

Olav Håkanes (1822–1908) og Hølje Førild var tvo spelemennar i Tinn som hadde kvar si form av denne springaren. Så sette dei seg ned i lag og støypte formene saman. Namnet på slåtten gav seg då sjølv. Hølje Førild drog til Amerika som nygift i 1851. Ut frå det kan me meine at han og Olav var på lag jamgamle, og at dette hende om lag 1850. Då Signe var på konsertturne i lag med Torbjørg Aas (Gravolid) spela dei denne slåtten i lag.

03. Skuldalsbruri, gangar (1956)

Soga om brura som gjekk på vatnet etter å ha tulla ein slått har helst lite med sanning i seg. Slåtten må reknast som ein av dei store og klassiske av hardingfeleslåttane i Telemark. Skuldalen ligg øvst i Åmotsdal.

04. Høybøfjoshjellen, springar (1946, 78-plate)

Høybø var ein gard som no er eten opp av Notodden by. Før i tida hadde sume av tenestjentene fjoshjellen til soveplass. Der kan det ha vore kvitt, nett som denne springaren er.

05. Vegglijenta, springar (1953)

I opphavet er dette ein numedalsslått, men han har blitt spela i Telemark i meir enn hundre år. Det skal vera Pål Løyntantsdrenge (1786–1867) som laga slåtten, inspirert av ei jente som var dugelig ven, men lite til å dans! Knut Dahle (1834–1921) lærde slåtten av Torstein Løyntantsdrenge (1808–1881), bror av Pål.

06. Ruske-Sara, springar (1953)

Denne Sara skal ha vore ei fente, moglegevis gift med *Luse-Søren*, som òg har fenge ein slått nemnd etter seg. Båe er etter Lars Fykerud (1860–1902). Elles så har eg eit godt minne om ei framføring av

FOTO: UKJENT, UTLEANT AV RØNNING FLATIN



Signe og Torbjørg. Unge felekvende på turne, om lag 1936.

denne slåtten. Det var attende i 1979, minnekonsert for Kristiane Lund (1889–1976) i Bø. Gunnar Dahle (1902–1988) var ein av deltakarane, han spela fyrst ein slått, greitt nok, men heller ikkje meir. Ein kunne sjå at dette var han ikkje nøgd med sjølv heller. Så klemde han til med Ruske-Sara, og då blei det spel med lyft og driv! Eit par år etter råka eg Gunnar, og kom til å nemne denne episoden. Han hugsar det godt sjølv, og forklara det slik: «E' blei sinna, da veit du!»

07. Fossegrimen, gangar (1953)

Signe oppgjev at dette skal vera ei myllarform, og ja, det kan nok råke at Myllaren, Torgeir Augundsson Øygarden (1801–1872), har spela slik. Han spela på så mange vis. Helst reknar ein denne forma til å vera etter Håvard Gibøen (1809–1873). Den forma av slåtten me reknar som etter Myllaren har mykje sams med ein slått frå Voss, Labba-Gyrid.

08. Grimeliden, springar (1953)

Slåtten har namn etter spelemannen Guttorm Olsen Grimelid (1757–1820) frå Krødsherad. Truleg var det Knut Lurås (1782–1843) frå Tinn som bar han til Telemark. Her har tak i slåtten tent til byggjes-teinar i slåtten *Urgjen* og *Markensmåndagen*.

09. Springar etter Myllarguten (1954)

Ola Evju (1898–1989) frå Sauherad hadde òg ei form av denne slåtten, som ikkje er så mykje bruka.

10. Kivlemøyspringar (1954)

Signe kallar slåtten Kivlemøyane. Helst blir den nemninga bruka om fleire slåttar i lag, t.d. forma etter Leiv Sandsdalen (1825–1896)/Torkjell Haugerud (1876–1954), ein springar, ein gangar og ein nærast arytmsk del. Springaren her liknar noko på springaren i den

trilogien. Mest liknar han likevel på ein springar etter Olav Høljesen Gåra (1882–1970) frå Bø. Det er òg Sandsdalentradisjon. Visstnok skal det ha vore sju Kivlemøyslåttar.

11. **Halling etter Luråsen** (1954)

Knut Lurås var den fyrste som som bar slåttar dei ulike landslutene i mellom. «Han er bestefar åt elle spelemennar,» sa Myllaren.

12. **Frå morgon til kveld**, springar (1956)

Frå 1900 og framover var Torkjell Haugerud årvisst til Tinn og lærde slåttar av Knut Dahle, like til Knut gjekk bort. Ein gong hadde dei sete med same slåtten heile dagen. «No har de spølå på tan springaren frå morgon til kveld», kom det då frå godson av Knut, Johannes (1890–1980).

13. **Rosa**, gangar (1956)

Fjellrosa, kallar Signe slåtten. Her er me i Fykerudland, kvar no rosa måtte vekse. *Fjellrosa* blir i dag bruka som namn på ein springar. *Rosa* blir bruka om ein lydarslått etter Lars som Svein Løndal (1864–1949) forma ein del på. Den er noko fri rytmisk, men gjeng hovudsakleg i gangartakt. Slåtten Signe spelar her har mykje same taka, i stød gangartakt. Difor er namnet *Rosa* valt. Dette var den eine av slåttane Signe spela på Landskappleiken på Voss i 1960, då ho vann i lag med Odd Bakkerud (1931–1989). Her er valt eit anna opptak.

14. **Flatlanden**, springar (1956)

Namnet *Halvor Flatlands minne* blir òg bruka. Halvor Flatland (1853–1924) var ei viktig kjelde for Torkjell Haugerud, og berar av myllartradisjon. Han hadde tvo eldre brør, Olav (f. 1843) og Hans (1846–1913), som båe hadde lært av Myllaren. Dei reiste til Amerika i høvesvis 1893 og ein gong i 1870-åra.

15. **Markensmåndagen**, springar (1957)

Det er her tale om Kongsbergmarken, men er det måndagen før marken eller etter? Er ein full av forventning eller er ein utrangla? Båe teoriane har blitt førde i marka. Eg hallar mest til den fyrste oppfatninga, dåvisst når slåtten blir spela som her. Dette er ein Fykerudslått, og Lars var ein trugen markensspelemann. I slutten av 1880-åra dreiv han jamvel hotell på Kongsberg.

16. **Gangar etter Lars Fykerud** (1957)

Om denne er ikkje så mykje å seia, anna enn at sume tak er vanskelege å få jamn takt i. Signe greier det!

17. **Fiskestigen**, springar (1958)

Fiskestigkarane, Hans (1786–1858) og Andreas (1822–1877), far og son frå Ulefoss, var felespelarar båe. Mest kjende er dei for tri bruremarsjar. Det finst òg nokre springarar knytte til dei, såleis denne. Litt svipar han innpå *Gauken*, elles vil han nok vera ukjend for dei fleste.

18. **Gangar etter Håvard Gibøen** (1957)

Slåtten blir stundom kalla *Asgerd*, kven det kvendet no kan ha vore. Me veit at Torkjell Haugerud lærde denne slåtten av Knut Dahle, og kan då våge å tru at det var der Signe fekk tak i han, helst via faren.

19. **Koparviken**, springar (1959)

Signe hadde ikkje noko namn på slåtten. Me har valt namnet Koparviken, Rikard Berge skriv at Olav Fyrileiv (1829–1913) frå Åmotsdal spela ein springar etter Håvard Gibøen med dette namnet. Attpå til gjorde Rikard vaksrulloptak av slåtten med både Olav og son hans, Knut (1879–1955) i høvesvis 1912 og 1913. Å dekode feletonar frå sus og skraping er ikkje det lettaste, men ein kan meine at opningstaka er identiske med opningstaka i springaren me høyrer her.

20. **Hovdestaden**, gangar (1959)

Rette namnet er helst *Huvestaden*, etter ein spelemann frå Dalen, Aslak Huvestad (1847–1896). Slåtten blei teken vare på og lærd vidare av vinbyggjen Øystein Hovdestad (1846–1926), og slåttenamnet såleis vride på. Truleg var det Eivind Mo (1904–1995) som tok denne slåtten til Seljord, etter å ha lært han av Olav Groven (1895–1929).

21. **Livius Smitts minne**, springar (Landskappleiken 1961, Nesbyen)

Dette var truleg siste gongen Signe spela offentleg. Ho kalla slåtten *Lars Fykeruds minne*, og ja, dette er Fykerudtradisjon. Me har valt å bruke nemninga som er vanleg i dag. Prestesonon Livius Smitt (1840–1890) var fødd i Vinje og flutte til Voss som smågut. At han fekk interesse for felespel er såleis lite å undre seg over. I Halvor Braaten sin biografi om Lars Fykerud heiter det: «Millom dei her i fylket som med skynsemd og autoritet heldt han fram var Halvor Borgen, Bø og byfut Livius Smitt, Brevik». Livius Smitt var òg tingmann. Til kappleiken i Bø i 1888 var han påtenkt som domar, men vart oppteken i embedsmedfør.

22. **Annonsering** av Førnesbrunen

Me høyrer røysta av Hallvard Bergwitz (1918–2010), folkemusikken og ihuga norsksdomsmann.

23. **Førnesbrunen**, gangar (Landskappleiken 1958, Notodden)

Om slåtten er så gamal som segna som knytter seg til han, skal vera usagt. Då den store manndaude sofa med seg halve folket i 1349 heiter det seg at ein hest frå Førnes på Møsstrand drog lika aleine over fjellet til Rauland kyrkje. I alle høve, det finst mange former av slåtten, i opphavet har han nok vore ein langeleikslått. Her høyrer me ei stor, utbygd form.

/Johan Vaa



FOTO: TORGEIR STRÅND

«Flatinfeler» frå 1946, 1927 og 1939, laga av Kjetil Flatin. Fela i midten er den Signe bruka mestedelen av livet. Ho tilhøyrer i dag Halvor Midtbø, Bø i Telemark.

OM OPPTAKA:

Spor 1–3 og 5–23: Opptak ved Rolf Myklebust, NRK. Spor 4: 78-plate.

SIGNE AND I

My great-grandfather, Kjetil Flatin, bought the Ramberg farm as a 20-year-old. He thought there was such great “fiddler’s nature” in that location, with a varied and dramatic landscape and good acoustics between the mountains. This is where Signe grew up one hundred years ago, and where I (b. 1978) grew up several decades later.

Growing up in a family with fiddler’s traditions, and in a home full of music – everything from traditional fiddle music to classical and contemporary music resounded in the walls – made it natural for me to choose a career in music. The choice between violin and Hardanger fiddle was difficult, but classical music lay closest to my heart. All the same, in my student days I had a framed concert poster of Signe and Kjetil on the wall.

Ever since my childhood Signe has been a role-model for me, and she is a person I would like to have met. In spite of the fact that she died long before I was born, and that I almost don’t know anything about her, she has inspired me to pursue a career in music. I wanted to be just as good at violin as she was at playing Hardanger fiddle.

At *Landskappleiken* in Seljord in 2011, Johan Vaa described the quality of recordings he had heard in connection with the selection of tunes for another CD project, and with that the seed was sown for this CD release. I took contact with Frode Rolandsgard at ta:lik, who was immediately excited by the idea, and then Johan and I went to Oslo to pick out tunes.

Signe was by far one of the best performers on Hardanger fiddle in her time, but her posthumous fame has not endured; little information and few recordings have been accessible to most people. I hope that this CD will spread knowledge about Signe and about her playing. The recordings are important documentation for the future.

As a musician she set a standard which I have always tried to live up to. Through this project I have acquired greater knowledge about Signe as a performer, and in this way I too feel that I have become better acquainted with Signe – that we have been able to meet through the music.

/Rønnaug Flatin

SIGNE FLATIN NESET (1912–1975)

In 1912 – when Signe was born – Seljord was a district with many good fiddlers. Torkjell Haugerud (1876–1954) had recently moved to the district. Not all of the Smedals had yet gone to America. And then there was Høye Kvåle (1879–1967), Harald Manheim (1879–1936), and Signe’s father, Kjetil Flatin (1879–1960). And several more. There is little doubt that there was inspiration to be found for a musical young girl, and there is much to suggest that she matured quickly as a fiddler. In as early as 1928 – 15 years old – she gave concerts with her father. Newspaper reviews from this period are primarily positive – “child prodigies” are good material for journalists.

The *kappleikar* arranged by *Telemark Ungdomslag* provide a good source of information about the way experts assessed her as a performer. Signe competed for the first time in 1928 and for the last time

in 1960. During these years she competed a total of 13 times, mostly before the war. Her placings varied somewhat, but she generally placed in the middle, or a little better. At the *kappleik* in 1935 in Gransherad, 22 years old and the only woman among the participants, she placed behind Johannes Dahle (1890–1980), Einar Lund (1882–1954), and Olav Løndal (1904–1986), but ahead of fiddlers such as Gjermund Haugen (1914–1976), Einar Løndal (1914–2006), Hølje Wårstulen (1914–1988), and Anund Roheim (1913–1999)!

In addition to the result lists, written comments were also given to the competitors for a time. Unfortunately, written comments from the *kappleik* in 1935 cannot be found, but the following is the commentary on her debut:

